

## PROTOKOLL FORHANDLINGAR OM LOKAL SÆRAVTALE ETTER HA §4-5 - GODTGJERING FOR TEKNISK VAKT

Den 02.06.06. vart det på kommunehuset i Bø ført forhandlingar mellom Bø kommune på den eine sida og Fagforbundet og NITO på den andre sida.

Forhandlingane blei ført med heimel i Hovudavtala del A § 4-5 og HTA kap. 4.3.2

Til stade:	For Bø kommune	Lars-Arne Oldernes Anne Britt Grivi Hilde Bakkåker
	For Fagforbundet	Anita Kornåsa
	For NITO	Vidar Lofthus Lidvin Dyrddal

Bakgrunnen for forhandlingane er krav frå FF og NITO om endra godtgjering for teknisk heimevakt. Dagens godtgjering er ikkje justera sidan 1995, og satsen er på kr. 147,70 pr. t. + tillegg etter ein fordelingsnøkkel 1:6. Kravet er ein auke i godtgjeringa på kr. 8,400,- pr. person pr. år frå 01.01.06.

### FF/NITO sitt syn:

Kravet er på ca. 30% auke frå nåverande sats.

Endringa bygger på at belastninga og krava til vakta har auka.

Det siste året har datateknologi gjort at ein kan sitte heime og følgje med på feil vedk. vatn og kloakk.

Det aukar servicen men kan og gjere vaktbelastninga større. Frekvensen på utrykking kan være ein gjennomsnitt på ca. 4-5 utrykkingar på ei vaktveke.

### Bø kommune sitt syn:

Ein kan ikkje sjå at vaktordninga er ein så stor belastning at det kvalifisere til ein slik auke.

Delingstalet 1:6 ynskjer ein å oppretthalde ut frå vurdering av belastninga av ei slik heimevakt.

### Etter at partane hadde drøfta krava i fellesmøte og sermøte, blei ein samde om følgjande:

Dei tilsette som deltek i ordninga med teknisk vakt får ei godtgjering utanom arbeidstid rekna ut etter satsen i HTA kap 4B gruppe 4 (d) etter 10 års ansiennitet, kr. 318.000,-, dvs. kr. 163,08 pr. time pluss tillegg etter HTA pr. 30.04.06.

Vakttimane reknast ut slik: Timar i døgnet x 7 dagar i veka - ordinær arbeidsdag (24t x 7 x - 37,5) = 130,5t i ei vaktveke. Ingen trekk for ferie.

Satsen justerast kvart år pr. 01.01.06 i tråd med endringar i HTA.

Delingstalet/omrekningsfaktoren vert sett til 1:6, jf. vurdering av belastning av heimevakt i B-rundskriv 48/95, dvs. slik den er i dag.

Avtala vert gjeldande frå 01.01.06 og inntil ho vert erstatta av anna avtale eller sagt opp av ein av partane med tre månaders varsel.

Bø, 02.06.06.

For Bø kommune

Anne Britt Grivi  
Lars Arne Oldernes  
Hilde Bakkåker

For Fagforbund

Anita Kornåsa

For NITO

Lidvin Dyrddal  
Vidar Lofthus